



Over 40 av etterkomarane etter Tora og Edvard Myklebust samla i trappa ved Gamleskulen

Våren og forsommaren er ei mykje brukt tid då slektene samlast til ulike former for markeringar. I helga var det både slektstreff og syskenbarntreff i Uskedalen. Slekstreffet samla etterkomarane etter Tora og Edvard Myklebust. Syskenbarntreffet var for borna med Berta og Nils Eik som besteforeldre.

Etterkomarane etter Tora og Edvard Myklebust tel over 60 personar. 43 av desse var påmelde og møtte fram til slektstreffet i Gamleskulen. Tora (f. Døsland) og Edvard Myklebust hadde fire born, to gutar og to jenter. Edvard kom frå Stølen og dreiv snikkarverkstaden Sjøtun fram til krigen. Familien flytta til Stord og budde der i ein 10 års periode. Dei bygde seg hus på Nedre Fet, det ein kalla Hytto i Steinatre. På slektstreffet var det lagt opp til program med fotopresentasjon og informasjon om kvar familie.



[Heidersgjesten på sykenbamtrefet, Alfred Eik, ved grava til foreldra, Berta \(f. Alsaker \) og Nils Eik.](#)

Berta (f. Alsaker) og Nils Eik på Padlane hadde 11 born. Han var gardbrukar og bygningsmann. Dei kjøpte bruket på Padlane av Baronistiftinga i 1932. Borna deira vart busette i Hardanger, Dimmelsvik, Uskedalen, Herøysundet og på Karmøy. Det var til saman 35 syskenborn, fire er død. Onkel deira, Alfred Eik, var heidersgjesten. Det var lagt inn markering på kyrkjegarden med blomar på grava til besteforeldra.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto:Erik Eiane/ Kristian Bringedal



27 av totalt 31 syskenbarn, med besteforeldra Berta og Nils Eik på Padlane, samla i Helgheim.